

Vurderingskriterium for munnleg eksamen i norsk, historie, samfunnsfag, religion og samfunnsfaglege programfag

Ferdigheit	Karakteren 5 og 6 Høg måloppnåing	Karakteren 3 og 4 Middels måloppnåing	Karakteren 2 (og 1) Låg måloppnåing
Tolke eller analysere	Kandidaten analyserer sjølvstendig og kritisk eit breitt utval moment med solid fagleg forankring og logisk struktur	Kandidaten analyserer samanhengande og strukturert eit utval moment i lys av fagleg teori	Kandidaten undersøker delvis eit sakstilhøve eller eit tema basert på eit smalt utval moment
Samanlikne	Kandidaten finn fram til ulikskapar og likskap ved liknande, men ulike moment, og vurderer nokre årsakstilhøve til og moglege konsekvensar av dei påviste ulikskapane	Kandidaten finn fram til ulikskapar og likskap ved liknande, men ulike moment og vurderer nokre årsakstilhøve til dei påviste ulikskapane	Kandidaten finn fram til ulikskap og likskap ved nokre liknande (beslekta), men ulike moment
Vurdere, drøfte eller diskutere	Kandidaten presenterer sentrale argument og veg dei mot kvarandre på ein sjølvstendig måte, og trekkjer på denne måten ein logisk og sjølvstendig konklusjon	Kandidaten presenterer relevante argument og greier i noko grad å vege dei opp mot kvarandre; trekkjer konklusjon	Kandidaten har med nokre relevante argument og prøver å vege dei opp mot kvarandre, viser forsøk på å trekke konklusjonar
Skildre eller presentere	Kandidaten formidlar relevant stoff nyansert, sakleg og presist med klar og logisk struktur	Kandidaten formidlar stoffet samanhengande og med god presisjon i stoffutvalet	Kandidaten uttrykkjer enkle fakta med eigne ord

Gjere greie for	Kandidaten gir ei sakleg, utfyllande, strukturert og sjølvstendig oversikt over fleire sentrale moment	Kandidaten gir uttrykk for ei samanhengande, strukturert og dekkjande oversikt over nokre sentrale moment	Kandidaten viser oversikt over nokre sentrale moment
Gje eksempel på	Kandidaten gir fleire ulike og illustrerande eksempel med god breidde og eit sjølvstendig utval	Kandidaten gir fleire gode og treffande eksempel med noko breidde i utvalet	Kandidaten gir eit avgrensa tal eksempel med noko relevans
Forklare	Kandidaten legg fram årsakstilhøve på ein utdjupande, logisk og godt grunngeven måte	Kandidaten viser ei grunngeven forståing av årsakstilhøva	Kandidaten trekkjer fram nokre relevante moment med ein viss samanheng

Eksamenskarakteren skal settast på ei samla vurdering av kvaliteten av kandidaten si måloppnåing slik den kjem fram på eksamen. For å få detaljert oversikt over læreplanen i faget og alle læreplanmåla, må ein gå til www.udir.no
Eksaminering skal gi kandidaten høve til å vise kompetanse i så stor del av faget som mogeleg, jf. *Forskrift til opplæringslova*

Sjølvstendig bruk av kjelder og den grunnleggjande ferdigheita å kunne uttrykkje seg munnleg er andre moment som kan trekkjast inn i vurderinga.

Vurderingskriterium for privatistar (jf. Forskrift til opplæringslova §3-10) er utarbeidd av region Sør Vest i samarbeid med Opplæringsregion Nord.